

PEDAGOGISK PLATTFORM

VIGRA BARNEHAGE

2023-2026



Det er STORT å være liten i Vigra barnehage



Innhold

Formålet med pedagogisk plattform	2
Om barnehagen	3
Barnehagen sitt innhold og formål.....	4
Leik, læring og danning.....	5
Kommunikasjon og språk	7
Livsmeistring og helse.....	8
Motorisk utvikling og rørsleerde.....	9
Ro og kvile	9
Matglede og sunne helsevaner	10
Progresjon.....	10
Medverknad og demokrati.....	11
Den autoritative vaksne	11
Sosial kompetanse; vennskap og fellesskap.....	12
Overgangar.....	14
Overgang heim – barnehage	14
Overgang mellom avdelingar	14
Overgang barnehage – skule	15
Samarbeid med andre instansar	15
Inkluderingssteam.....	15
PPT (pedagogisk-psykologisk teneste)	16
Barnevern	16
Helsestasjonen	16
Andre barnehagar	16
Vurderingsarbeid i barnehagen.....	17
Observasjon.....	17
Dokumentasjon	18
Pedagogisk dokumentasjon	18

Formålet med pedagogisk plattform

Barnehagelova fastsett barnehagen sitt formål og innhold. Rammeplan for barnehage er ei forskrift til barnehagelova og legg føringer og rammer for barnehagen sitt samfunnsmandat, verdigrunnlag, innhold og tilbod.

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Lov om barnehage § 1. Formål, 1.avsnitt

Barnehagen skal utarbeide ein årsplan som beskriv korleis barnehagen arbeider. Den skal grunngje metodeval og beskrive korleis vi implementerer føringer sett i barnehagelova og rammeplan. Årsplan skal fungere som eit arbeidsreiskap for personalet i barnehagen og gje informasjon om barnehagen sitt arbeid til myndighetsnivå, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte, samt legge eit grunnlag for andre planer.

I Vigra barnehage har vi delt årsplan i to delar. Den pedagogiske plattforma beskriv dei overordna arbeidsmetodane og er ein langsiktig plan. Denne vert revidert og oppdatert kvart 3. år og dannar grunnlaget for andre planer i barnehagen. Årsplanen beskriv det pedagogiske arbeidet, metodeval og fokusområde for det aktuelle barnehageåret og blir revidert kvart år.



Om barnehagen

Vigra barnehage er ein kommunal barnehage i Giske kommune. Barnehagen ligg på Roald på Vigra med eit flott og spennande nærmiljø som gir varierte moglegheiter for leik og opplevelingar i alt frå fjøre, skog og fjell. Barnehagen har lokale som legg til rette for varierte aktivitetar både inne og ute.

Barnehagen har 3 avdelingar, inndelinga avheng av opptaket kvart år og vert vurdert ut frå tal på søkerar. Inndeling i avdelingar står ikkje i vegen for å sjå barnehagen som ei eining. Personalet legg vekt på eit godt samarbeid på tvers av avdelingane med moglegheit for felles tid tidleg på morgonen og på ettermiddagen. Felles samlingar og fastlagte fellesaktivitetar er også lagt inn i planer for barnehageåret. Dette er med på å gje alle barna eit godt og trygt tilbod som sikrar at dei har god oversikt og vert godt kjent med både barn og personale på heile huset.



Barnehagen sitt innhald og formål

Rammeplanen set føringar for innhaldet i barnehagen og presiserer at arbeidet skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. Barna skal oppleve varierte dagar der dei får leike, utfalte skaparglede, undre seg og få stimulert si utforskarkrond. I barnehagen vår jobbar vi tverrfagleg og vi ser på arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk i samanheng.

Omsorg er overordna det meste av det vi gjer i barnehagen. Dersom barna skal kunne utvikle tillit til seg sjølv, tillit til andre, bli sett, forstått og respektert er god omsorg ein føresetnad og ein nødvendig «raud tråd» i arbeidet vårt.

«Omsorg er ei føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik» RP

«Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng»»
RP



Leik, læring og danning

Barnehagen er ein del av barnet sitt livslange læringsløp og barn er nysgjerrige og har stor vitelyst. Omsorg, leik, læring og danning er tett knytt opp til kvarandre og det er vanskeleg å tenke seg det eine utan å forhalde seg til det andre.

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen og eigenverdien til leiken skal anerkjennast.

Gjennom leiken skjer ei utvikling av barna sin personlegdom. Dei får erfaring i å ta andre sitt initiativ og perspektiv, løyse konfliktar samt arbeide med sine kjensler og erfaringar. Leiken gir barna høve til å utforske både seg sjølv og verden rundt seg. Det er her barna får øve seg på og i stor grad utvikle sin sosiale kompetanse. Vi er opptatt av å legge til rette for gode leike- og læringsarenaer, og har utarbeidd minstestandardar for leikemiljøet både ute og inne.

Ein må sjå på læring som ein kontinuerleg prosess og det er viktig at tilsette i barnehagen legg til rette for eit leike- og læringsmiljø som er prega av sansing, tryggleik, glede og meistring. Dei tilsette må ha eit bevisst forhold til den spontane og uformelle læringa som skjer gjennom kvardagen.

I arbeidet med danning har vi fokus på å utvikle kunnskap, skape felles verdiar og haldningar gjennom dialog og positive fellesopplevelingar i barnegruppa. Personalalet skal reflektere saman med barna og få fram barna sine tankar og oppmuntre dei til å spørje spørsmål. For å få til gode danningsprosessar i barnehagen er det viktig at vi som vaksne viser respekt både i samtalen og samhandlinga med barna. Ein viktig del av

NÅR BARNET DITT SVARER:

«I DAG HAR EG BERRE LEIKA»

DA HAR BARNET DITT mellom anna

- ❖ Lytta til andre
- ❖ Vore ein del av fellesskapet
 - ❖ Tatt initiativ
- ❖ Lært om reglar og norma
- ❖ Gjort erfaringar med ulike leiartypar
 - ❖ Samarbeida
 - ❖ Utfolda seg
- ❖ Opplevd latter og glede
 - ❖ Brukt sansane sine
 - ❖ Vist omsorg
- ❖ Bearbeida erfaringar og opplevelingar
 - ❖ Bygd sjølvkjensle
 - ❖ Vore kreativ
 - ❖ Øvd på Motorikk
 - ❖ Opplevd samhold
 - ❖ Vore nysgjerrig
 - ❖ Brukt fantasien
- ❖ Opplevd motgang og små tap
 - ❖ Blitt utfordra
 - ❖ Opplevd empati
- ❖ Øvd på konflikthandtering og forhandling
 - ❖ Øvd på å kommunisere
 - ❖ Tatt ansvar
 - ❖ Øvd på å gi og ta
- ❖ Lært om eigen identitet og grenser

danningsprosessen er å arbeide for at barna skal få ei god sjølvkjensle, som vil hjelpe barna til å utvikle kritisk tenking, etisk vurderingsevne og evne til å kunne yte motstand. Dei tilsette må mellom anna vere bevisste eige kroppsspråk og mimikk, dei må oppfordre barna til undring gjennom å bruke opne spørsmål, legge vekt på at barna skal kunne medverke gjennom kvardagen og bekrefte og anerkjenne barna sin tankar og kjensler.

I arbeidet med leik og læring skal vi ha fokus på å:

- Skjerme god leik som er i gong
- Gi barna impulsar og inspirasjon til leik
- Legge til rette for gode, inspirerande og oversiktelege leikemiljø
- Dele inn i mindre grupper
- Delta og rettleie i leik på barna sine premissar i tråd med deira behov
- Legge til rette for tilpassing til enkeltindividet i høve meistring og prosesjon, utfordringar og behov
- Arbeide bevisst for å inkludere alle barn i fellesskapet
- Vere opne for barna sitt initiativ, undring og kreativitet
- Hjelpe barna til økt sjølvstendigheit i høve til å ta initiativ, inkludere andre og samarbeide i leiken



Kommunikasjon og språk

Ei viktig oppgåve for personalet i barnehagen er å gi støtte til barna si språkutvikling. Personalet skal vere bevisst på at språket påverkar alle sider av barnet si utvikling og at det betyr mykje for m.a. samspel, trivsel og meistring. Dei vaksne i barnehagen skal legge til rette for at alle får varierte og positive erfaringar med å bruke og utvikle språket sitt, både verbalt og nonverbalt.

Arbeid med språk skjer heile dagen; gjennom leik, samspel, kvardagssituasjonar, den daglege samtalen med barnet m.m. Det er viktig at dei tilsette støttar barna til å kommunisere, lytte, medverke i dialog og samspel.

Vigra barnehage arbeider utifrå BU – modellen i gruppene. Dette er eit kommunalt satsingsområde for å sikre mellom anna grunnleggjande omgrepsforståing hjå alle barn. Det har blitt utarbeida ein eigen årsplan for arbeid med BU i barnehagen som blir brukt på avdelingane.

I arbeidet med språk og kommunikasjon skal vi ha fokus på:

- Benevne og sette ord på det vi gjer saman med barna og det barna viser interesse for
- Ha gode og varierte bøker tilgjengelege for barna
- Språkgrupper ein gong i veka, til dømes i gruppedeling eller ved å ha BU samling
- Legge til rette for bruk av bilde eller konkretar i til dømes samling for å støtte opp om språket
- Bruke dagtavler med gode bilde
- Utforske og leike med språket saman, til dømes gjennom rim og regle, rytme og song
- Bokstavar og skriftspråk skal vere synleg på alle avdelingane

Livsmeistring og helse

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggande funksjon med fokus på å fremme både fysisk og psykisk helse. I samsvar med vår visjon og våre verdiar jobbar personalet for at barna skal oppleve meistring, trivsel og livsglede. Det er eit mål at alle skal ha ei kjensle av eigenverd og personalet skal jobbe for å førebygge krenkelsar og mobbing. På denne måten kan barnehagen vere med på å jamne ut sosiale forskjellar og bidra til rausheit og mangfald. Gode relasjoner, tilknyting til barn og vaksne, anerkjenning, omsorg og inkludering er viktige faktorar vi legg vekt på i arbeidet for god livsmeistring og helse.

Barnehagen skal være ein trygg stad der barna kan utforske ulike sider av samspel, fellesskap og vennskap, teste eigne grenser og oppleve meistring. Personalet skal møte barna med tillit og respekt og bidra til trivsel i barnehagekvardagen. Barna må få støtte i å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjent med eigne og andre sine kjensler.

Dei kommunale barnehagane har utarbeidd handlingsplanar som skal hjelpe oss i dette arbeidet:

- Handlingsplan for eit trygt og godt barnehagemiljø
- Handlings- og beredskapsplan for forbygging og avdekking av vald og overgrep



Motorisk utvikling og rørsleglede

I arbeidet med å fremje barnas fysiske og psykiske helse skal barnehagen også jobbe med å fremje motorisk utvikling og skape glede for fysisk aktivitet. Forsking viser at fysisk aktivitet heng uløyseleg saman med hjernen sin utvikling samtidig som ein får trent sansar og motorikk. Barn som er fysisk aktive har også høgare toleranse for å takle stress enn barn som ikkje er det. I barnehagen har vi fokus på at fysisk aktivitet og leik er ein naturleg del av kvardagsaktivitetane.

For å sikre oss at alle barna får trent på grunnleggande bevegelsar, brukar alle avdelingane eit fysisk aktivitets opplegg utarbeida av dei kommunale fysioterapeutane. Her har vi fokus på både fin og grovmotoriske aktivitetar som er leikprega.

Hinderløype



Balansere/klatreløyper.
Her er det berre å bruke kreativitetén. Krype, hoppe, balansere, klatre-over/under etc.
Kan gjerast både inne og utandørs.

Tips til kva som kan brukast: Trestubbar, taubana, sandkassekanten, hoppe frå ulike høgder, stige, balansere på krit-strek/tau etc.

Ro og kvile

Barnehagen skal legge til rette for at barna får ro og kvile i løpet av barnehagedagen. Dei som har behov for det har høve til å sove i løpet av dagen. Det gjeld i fyrste rekke dei yngste barna. Ro og kvile er også viktig for dei eldste barna. I barnehagen si dagsrytme er det tatt omsyn til det og lagt til rette for ei god veksling mellom aktivitet og kvile. Kvile kan vere alt frå å sette seg ned med eit perlebrett til å legge seg ned å lytte til lydbok.

Matglede og sunne helsevaner

Barnehagen har eit ansvar for å gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne matvanar. Barnehagen følger retningslinjer for mat og måltid i barnehagen satt av Helsedirektoratet. Vi er opptatt av å legge til rette for at barna skal kunne delta i prosessen med matlaging. Personellet har med dette som utgangspunkt utarbeidd eit eige hefte for mat og måltid i barnehagen.



Progresjon

Progresjon i barnehagen handlar om at barna skal utvikle seg og lære på alle område samtidig som dei opplever meistring og framgang. For å sikre at alle barna i Vigra barnehage har framgang, nye opplevelinger og utfordringar har vi «ein raud tråd» i planleggingsarbeidet vårt. Vi jobbar mellom anna med å utvikle gode, felles prosjektplanar der ein kan sjå progresjon frå småbarn til dei største. Det er viktig at vi bidreg til at alle barna opplever meistring samtidig som dei skal ha noko å strekke seg etter. Det krev at dei vaksne kjenner alle barna godt og legg til rette for det enkelte barnet sine evner og behov.

Personellet har tatt utgangspunkt i fagområda i rammeplan og utarbeidd ei prosjektsplan for Vigra barnehage. I denne går vi i djupna og beskriv korleis vi jobbar med prosjekten i heile barnegruppa.

Medverknad og demokrati

Rammeplanen legg vekt på at barnehagen skal sikre barna si rett til medverknad. Barna skal bli sett og høyrt og ha høve til å påverke det som skjer i barnehagen. Gjennom ein autoritativ vaksenstil der vi har fokus på å bygge gode og trygge relasjonar, er målet å sikre at alle barn opplever å bli sett og høyrt. Barna i Vigra barnehage skal kjenne seg trygge på at det er aksept for å ytre sine meningar. Dei skal oppleve å bli tatt på alvor og bli møtt med respekt for eigne meningar og kjensler. Målet er å gi barna ein kjensle av eigenverd og at deira meningar er verdifulle og respektert.

«Alle barn skal kunne få oppleve demokratisk deltaking ved å bidra og medverke til innhaldet i barnehagen, uavhengig av kommunikasjonsevner og språklege ferdigheter.»

RP

I barnehagen og i kvardagen elles vil barna erfare at deira ynskjer kan gå på tvers av andre barn sine. Gjennom å oppleve at dei ofte må forhandle og av og til inngå kompromiss, gjer barna seg viktige erfaringar om demokrati, medbestemming og medverknad.

Personalet må ha eit bevisst forhold til og reflektere over dei ulike uttrykksformane til barna og leggje til rette for at barna sin medverknad skal vere tilpassa alderen, erfaringar, individuelle føresetnader og behov.

Gjennom ulike prosjekt og i kvardagssituasjonar skal personalet lytte til barna, gi dei tid til å reflektere og gi dei erfaringar i å vere med og ytre sine eigne meningar. Barna skal vere med og ta avgjersler innafor rammer sett av personalet.

[300463-temahefte_om_barns_medvirkning.pdf \(regjeringen.no\)](http://300463-temahefte_om_barns_medvirkning.pdf (regjeringen.no))

Den autoritative vaksne

Den autoritative vaksenstilen er ein pedagogisk veremåte som utgjer ein viktig del av barnehagens pedagogiske plattform og dei tilsette sin felles forståing. Ein autoritativ voksen har fokus på å bygge gode og trygge relasjonar til barn, og meistrar ein balanse mellom varme og kontroll. Autoritative vaksne ser barnets perspektiv og har medverknad i fokus.

Krav som blir stilt til barnet tek utgangspunkt i barnets føresetnad og modning. Når vaksne i barnehagen opptrer etter denne vaksenstilen, ser det ut til å virke positivt på barns utvikling, mellom anna på sosialkompetanse, sjølvregulering, demokratisk forståing og førebygging av mobbing. Ved at dei vaksne anstrengar seg for å leve seg inn i barna sine frustrasjoner, ynskjer, behov og utfordringar og vise dei omsorg og respekt, vil barna kjenne seg sett og hørt.

Som autoritative vaksne i Vigra barnehage skal dei tilsette:

- Vere anerkjennande og forklare grenser som blir satt for barna
- Vere tydeleg, konsekvent og ha gode rutinar
- Støtte og fremme det enkelte barn og barnegruppa sine sosiale ferdigheter
- Vere aktive, engasjerte og lyttande i møte med barna
- Finne tid og rom i kvardagen til å samtale med barna
- Oppmuntre barna til å uttrykke eigne tankar og meningar
- Ha respekt og ta omsyn til at barn er ulike, uttrykker seg ulikt og har ulike behov
- Ha ein open dialog med foreldre/føresette om barnet sine behov
- Vere bevisste og reflektere over eigen praksis

Sosial kompetanse; vennskap og fellesskap

Sosial kompetanse handlar om å kunne samhandle positivt med andre i ulike situasjonar. Det er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheter, kunnskapar og handlingar som blir utvikla gjennom sosialt samspel og er ofte ein nøkkel til trivsel i barnehagen. Forsking viser at barn si evne til å etablere vennskap i stor grad heng saman med den sosiale kompetansen deira. Det er viktig at alle barna kjenner på ein kjensle av å vere viktige for den sosiale fellesskapen og at dei opplever å vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Både barn og vaksne skal gå heim med ein kjensle at «**det var bra eg kom».**

Personalet er rollemodellar og bidrar gjennom eigen veremåte til barna si læring av sosiale ferdigheiter. Eit aktivt og tydeleg personale som opptrer som autoritative vaksne er nødvendig for å skape eit varmt og inkluderande sosialt miljø. Anerkjenning og støttande relasjonar er eit grunnlag for utvikling av sosial kompetanse. For å lukkast i dette arbeidet, er det ein føresetnad at personalgruppa arbeider mot same mål og reflekterer jamleg over eigen praksis.

Gjennom kvardagsaktivitetar og styrte aktivitetar må dei vaksne vektlegge og ha fokus på følgjande hovudområde i arbeidet med sosial kompetanse:

- **Samarbeid;** viktig i forhold til leik, fokus på einighet, gjensidigkeit og turtaking.
- **Ansvar;** gjere barna bevisste i høve reglar, eigne meininger og behov.
- **Empati;** når ein klarar å sette seg inn i andre sin situasjon og handle ut ifrå det.
- **Sjølvkontroll;** handlar i første omgang om å kunne halde tilbake litt av seg sjølv i samspel med andre, øve på evna til å vurdere, og sjå alternativ.
- **Positiv sjølvhevding;** handlar mellom anna om å ta initiativ og være ein positiv aktiv deltar og ha eigne meininger.
- **Humor, leik og glede;** leiken er noko av det viktigaste i barnehagen. Den gir barnet moglegheit til å bli kjend meg seg sjølv og andre. Humor og glede har ein verdi i seg sjølv og kjem godt fram i leik og samspel.

I arbeidet med sosial kompetanse har vi fokus på:

- Dele den store gruppa i mindre grupper
- Skape gode felles opplevingar
- Fokus på samarbeid i kvardagen; gjennom leiken, styrte aktivitetar og i kvardagen elles
- Personale jobbar ut ifrå felles verdiar
- Anerkjenne barnet sine kjensler og hjelpe dei å sette ord på det
- Øve på turtaking i kvardagen; gjennom til dømes leik og ulike aktivitetar
- Ha gode og forutsigbare rutinar i kvardagen vår
- Gje barna ansvar etter alder og modning
- Øve seg på å vere midtpunkt i gruppa på ein god måte; gjennom til dømes samling og liknande

Overgangar

Barnehagen er opptatt av at alle overgangane som barna har i løpet av barnehagelivet sitt skal opplevast som trygge og gode for både barn og foreldre. Barnehagen følgjer kommunale minimumsstandardar for overgangar.

Overgang heim – barnehage

Vigra barnehage legg stor vekt på at barna skal få ein god start på barnehagelivet sitt. Når nye barn byrjar i barnehagen, har vi først og fremst fokus på å skape gode relasjonar, gi omsorg og skape gode og trygge rammer for både barn og foreldre.

Det er viktig for oss å gjere denne overgangen så trygg og god som mogleg for alle.

Seint på våren har vi «besøksdagar» for nye barn og foreldre. Da får dei bli litt kjent med avdelinga, helse på barna dei skal gå i gruppe med og dei vaksne som skal jobbe der.

Når barna byrjar i barnehagen er det ei tilvenningstid. Det er tett kontakt og dialog mellom personale og foreldre om korleis denne tida skal leggast opp slik at den blir til det beste for barnet. Det varierer kor lang tid det enkelte barn treng for å bli trygg i barnehagen, og det vert det tatt omsyn til. Pedagogisk leiar sender ut skriv med diverse ting vi er nysgjerrige på til foreldre før oppstart, og etter oppstart blir det gjennomført oppstartssamtaler. Dette er med på å trygge foreldre samt gi personalet litt kjennskap til barna som kjem.

Overgang mellom avdelingar

Barnehagen har rutinar for å sikre ein god overgang mellom avdelingane. Det er hyppige besøk mellom avdelingane på våren; både planlagde og spontane slik at tilvenninga skjer gradvis. Overgangen skal opplevast som trygg og barna skal vere godt førebudd på overgangen. I januar deltek dei eldste barna på småbarnsavdelinga på 3-årsgruppe saman med barn frå både Kongla og Kvisten, på den måten blir barna kjende med både barn og vaksne dei skal gå på avdeling med.

Dei pedagogiske leiarane har overføringsmøte der dei sikrar overføring av både skriftleg og munnleg informasjon ved skifte av barnegruppe.

Overgang barnehage – skule

Giske kommune vil sikre samanheng mellom barnehage, skule og SFO. Målet er at barna er trygge og godt førebudde til skulestart. Det er viktig at barnehage, skule, SFO og foreldre samarbeider aktivt om barnet si utvikling og overgang til skulen.

Barnehagen har eit tett samarbeid med Vigra skule og legg vekt på å sikre ein god overgang, barnehagen og skulen følger det kommunale årshjulet for å sikre ein god overgang.

Samarbeid med andre instansar

Leiinga i barnehagen har ein del kontakt med andre instansar utanfor barnehagen, og nokre av desse er det jamlege samarbeidsmøte med. Det er utarbeida skriftlege prosedyrar for samarbeid mellom barnehagane og dei ulike instansane.

Inkluderingsteam

Giske kommune har som målsetting å sikre eit heilskapleg tilbod til barn og unge der laget rundt barnet arbeidet saman om tidleg innsats og god førebygging. Målet er alle barn skal oppleve å få eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehagen. I barnehagen sitt inkluderingsteam sitt styrar, pedagogisk leiarar, spesialpedagog og helsejukepleiar. Det er også moglegheit til å kalle inn andre instansar ved høve, til dømes PPT eller barnevern. Dette er eit lågterskelttilbod som skal sikre at barnehagen jobbar systemrette for å skape ein betre praksis og heve kvaliteten på arbeidet vårt. Det er utarbeida ein communal plan for dette arbeidet. Dersom ein vil ta opp enkeltbarn på desse møta blir dette gjort i samråd med foreldre.

PPT (pedagogisk-psykologisk teneste)

PPT er eit rådgjevande organ i høve barn som treng særskilt hjelp og støtte. PPT gir råd i høve einskilde barn eller grupper av barn, og det er vanleg at dei fylgjer opp og gir rettleiing til foreldre og personale i høve barn med særskilte behov. Barnehagen kan formidle kontakt mellom foreldre og PPT dersom det er ynskjeleg. Kontakt med PPT som gjeld hjelp til enkeltbarn skjer berre i samråd med foreldre.

Barnevern

Samarbeid i saker som kjem inn under Barnevernslova. Barnehagepersonell har opplysnings- og meldeplikt ved mistanke om barnemishandling/omsorgssvikt, jf. § 22 i Barnehagelova om opplysningsplikt til barnevernstenesta.

Helsestasjonen

Vi vender oss til Helsestasjonen når det gjeld helsespørsmål av generell karakter. Vi har ulik kompetanse om barn og samarbeidet går ut på å utveksle erfaringar og gi råd og støtte til kvarandre på. Samtykke frå foreldre er eit utgangspunkt for dette samarbeidet.

Helsejukepleiar deltek på inkluderingssteam i barnehagen.

Andre barnehagar

Styrarane for alle barnehagane i kommunen har samarbeidsmøte kvar månad. Barnehagane samarbeider om fellesarrangement, kurs, ulike prosjekt og kvalitetsarbeid generelt.

Vurderingsarbeid i barnehagen

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå gjeldande lovverk og planer. Vurderingsarbeidet skal sikre at alle barn får eit barnehagetilbod i tråd med lovverket. Det er viktig at dette er eit arbeid som heile personalgruppa deltek i. I Vigra barnehage bruker vi mellom anna ulike refleksjonsverktøy som til dømes dialogspel i personalgruppa. Vurderingsarbeidet bidrar til at personalet reflekterer over eigen praksis og er eit viktig utgangspunkt for vidare planlegging.

Observasjon

Observasjon er ein sentral del av arbeidet som skal gjerast i barnehagen. Hensikta er først og fremst å vurdere barna sin trivsel og allsidige utvikling og om behov blir møtt.

Skriftleggjering av observasjonar dannar grunnlag for vurderingsarbeidet og er slik eit viktig bidrag i høve planlegging og tilrettelegging av det pedagogiske innhaldet for barna.

ALLE MED er eit observasjonsmateriell som vert nytta i barnehagen. Dette er eit hjelpemiddel som vert nytta som støtte i arbeidet med å sikre viktige steg i barnet si utvikling og i det pedagogisk planarbeidet. Dette vert brukt i forkant av alle foreldresamtalar. Skjemaet vert presentert for foreldre i samband med foreldresamtaler. Her må foreldre gi skriftleg samtykke før ein kan fylle ut skjemaet.

I tillegg til dette nyttar barnehagen seg av ulike observasjonsverktøy som til dømes Tras, alt etter kva som er formålet med observasjonen.

Dokumentasjon

Dokumentasjon av arbeidet synleggjer korleis personalet arbeidar for å oppfylle krava i lovverket og dannar eit viktig grunnlag for vurdering av det pedagogiske arbeidet.

For eit barn vil alt som blir til konkrete uttrykk, kunne reknast som dokumentasjon. Barnet sine teikningar, byggverk eller pinnar som det har tatt med seg frå skogen, er dokumentasjonar frå aktivitetar, leik og relasjonar.

Dokumentasjonsarbeidet har ulike formar og blir gjort tilgjengeleg for foreldre/føresette på tavle i garderoben, i månadsbrev, på Facebook sida eller som «utstillingar» på avdelingane.

Døme på dokumentasjon:

- Månadsplanar og månadsskriv frå avdelingane
- Facebook side
- Dokumentasjon ved hjelp av «utstillingar» av barnas arbeid og prosessar

Pedagogisk dokumentasjon

Pedagogisk dokumentasjon er en arbeidsmåte som handlar om å gjere pedagogisk arbeid synleg og ope for tolking, dialog, diskusjon og innsikt. Dokumentasjon av barnehagen sin praksis blir til pedagogisk dokumentasjon når personalet og barn reflekterer over og diskuterer den.

Kvar avdelinga skal gjennomføre minst ein pedagogisk dokumentasjon kvart barnehageår. Det vil vise i barnehagen sin årsplan korleis barnehagen arbeider med pedagogisk dokumentasjon kvart barnehageår.